

## Handlingsplan for oppfølging av innkjøp

IR si tilråding	AD si vurdering	Tiltak	Tidsfrist	Ansvar	Status pr 17. oktober 2016
1) Sikre tilstrekkeleg produksjon av nye avtaler før utløpet av gamle, og dermed unngå ulovleg prolongerte avtaler.	<i>Støtter tilrådinga</i>	Avtaleproduksjon vil være ein kjerneoppgåve for HVIHF. Helse Fonna HF/klinikkane/området må fortløpande sikre at bestillingar, når fram til HVIHF, slik at avtaler kan etablerast. Det må etableras solide rutinar knytt til vedteke investeringskjøp, slik at innkjøpsprosessen kan gjennomførast i tråd med gjeldane lov og forskrift. Detaljerte anskaffingsplanar innan kvar enkelt seksjon må utarbeidast.	Innan 31.12.kvart år ska vedteke investeringsbudsjett innan bygg, anlegg, MTU og anna) være sendt over til HVIHF.	Adm dir	Detaljert investeringsbudsjett for bygg/ anlegg/ anna og MTU vil bli sendt til HIV før årsskiftet. HIK HF følgje opp og varslar føretake i god tid før avtalar løper ut slik at ny prosess kan byrja.
2) Legg vekt på at ny systemløyising (LIBRA) skal gi tilgjengeleg og kvalitativt god styringsinformasjon om innkjøpspraksisen i føretaksgruppa, samstundes som utviklar gode analysar også før nytt system er på plass.	<i>Støtter tilrådinga</i>	Systemløyising vil bli implementert om eit par år. Fram til dette må Helse Fonna HF saman med HVIHF sjå på korleis mellom anna registreringspraksisen i samband med bestillingar kan betrast. Helse Fonna tek del i arbeidet til gevinstrealisering i LIBRA. Helse Fonna deltek aktivt i prosjekt LIBRA.	Innan 01.12.16	Adm dir	Helse Fonna HF deltek aktivt i prosjekt LIBRA og setje i verk alle avtalte tiltak for å sikra identifiserte gevinstar.
3) Sikre at kontrakt-databasen Contiki blir nytta i tråd med hensikta.	<i>Støtter tilrådinga</i>	Saman med øvrige helseføretak innan Helse Vest få etablert ein lik registreringspraksis. Helse Fonna har gjennom mange år nytta kontraks og administrasjonssystemet Contiki i tråd med målsettingane. Føretaket tok i bruk systemet i 2003. Dei øvrige føretaka tok systemet i bruk på eit seinare tidspunkt.	Innan 01.12.16	HVI HF	Helse Fonna har i alle år registrert avtalar fortløpande i Contiki. Nye avtalar sendes HVI for registrering i systemet
4) Sikre god kommunikasjon mellom innkjøpsorganisasjonen og bestillarane i helseføretaka om innhaldet i og erfaringar frå bruk av rammeavtalane.	<i>Støtter tilrådinga</i>	Hensiktsmessige informasjonskanalar må etablerast. I en overgangsperiode bør det vurderas eit koordinerande ledd mellom det einskilde føretak og HVIHF.	Snarast	Adm dir	Føretaket samarbeider med HVI for å sikre at brukarne får den nødvendig info.
5) Legg vekt på leverandøroppfølging gjennom heile avtaleperioden.	<i>Støtter tilrådinga</i>	Det må utarbeidast ein metodikk for avtaleforvaltning innan den einskilde kategori.	Innan 01.12.16	HVI HF	Ansvarer er tillagt HVI, men føretaket

## Handlingsplan for oppfølging av innkjøp

					samarbeider for å oppnå målsetjinga	
6)	Utarbeid kontrollrutinar som sikrar at konsignasjonslagra er avgrensa til berre å innehalde produkt som fullt ut innrettar seg etter rammeavtaler på området, samt vurder om ordninga totalt sett er tenleg for Helse Vest.	<i>Støtter tilrådinga</i>	Nødvendige vurdering/tilrådingar bør/kan skje via eit regionalt prosjekt. Her kan/vil tunge fagmiljø være involvert.	Innan 01.12.16	HVI HF	Ansaret er tillagt HVI men føretaket samarbeider for å oppnå målsetjinga.
7)	Sikre at alle bestillingar vert gjort elektronisk, der dette er mogleg	<i>Støtter tilrådinga</i>	Brukaranes behovet for støtte er gjennomgåande stort. Man må sikre at nødvendig hjelp er tilstade, slik at tenestene innan dei ulike seksjonar ikkje hemmes. Det må leggjast til rette for så vel e-post som telefon-support. Det må/bør leggjast til rette for oppsøkande support mot dei ulike institusjonar gjennom eit kalenderår.	Pågåande.	Adm dir	Helse Fonna jobbar aktivt for å oppnå målsetjinga. Ein er også i tett dialog med HVI for å sikre at dei yter avtalt støtte til brukarne. HVI er i ferd med og overta ansvaret for oppfølging/ import av varekatalogar.